



Høyring - Adresseparsell for namnsetting - Reguleringsplan 0533.00 og 0551.00, Blåberget, Kvernaland

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Utval for lokal utvikling	057/26	27.08.2026

Kommunedirektøren si innstilling

Utval for lokal utvikling legg følgende namneforslag ut på høyring:

- *Parsell 1: Magne Sandkleivas veg*

Utval for lokal utvikling

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

ULK - 057/26 Vedtak:

Utval for lokal utvikling legg følgende namneforslag ut på høyring:

- *Parsell 1: Magne Sandkleivas veg*

Høyring - Adresseparsell for namnsetting - Reguleringsplan 0533.00 og 0551.00, Blåberget, Kvernaland

Saka gjeld

Det er oppretta ein ny adresseparsell mellom O.G. Kvernlands veg og Blåberget på Kvernaland. Parsellen skal nå namnsetjast.

Parsellen er oppretta ved administrativt vedtak, sjå vedlegg 1.

Saksopplysningar

Time kommune skal tildela alle gater, vegar, stiar, plassar eller område som blir brukt i offisiell adressering eit namn som er eintydig innanfor kommunen, jf.

matrikkelføreskrifta § 51. Etter lov om stadnamn bør nye adressenamn byggja på lokale stadnamn, og skrivemåten skal vera i tråd med reglane i loven.

Det er utval for lokal utvikling som fastset namn på nye adresseparsellar i Time kommune. I denne saka skal utvalet ta stilling til namn som skal leggest ut på høyring.

Namneforslaga blir kunngjort på kommunen si heimeside og i Jærbladet, og sendt historielaget og fortidsminneforeininga. Etter høyring får utvalet saka til ny og endeleg behandling. Endeleg vedtak blir sendt Sentralt stadnamnregister (SSR) for registrering.

Ny adresseparsell

Adresseparsellen er mellom O.G. Kvernlands veg og Blåberget på Kvernaland, med tilkomst frå Blåberget. Den nye adresseparsellen tilsvarar dei to private vegane f_SKV1 og f_KV1 som vist i reguleringsplan 0533.00 og 0551.00 (vedlagt).

Eksisterande bustader som har tilkomst frå denne vegen vil få endra adresse når nytt namn er vedteke.

Vurdering

Etter konsultasjon med lokalkjende har kommunedirektøren kome til at følgande vegnamn vil passa i dette tilfellet:

Parsell 1: Magne Sandkleivas veg

Denne vegen deler tomte hans med hus 44 på kartet, midt i to.

Magne Sandkleiva døydd i vår, 98 år gamal. Han var ein vel akta mann i heile bygda, både pga. sin tekniske dugleik, som kreativ og godt likt sjef både på Brøyt og Kvernlands fabrikk. Dessutan er han den store treskjæraren i bygda og etterlet seg ei imponerende samling vakkert utskårne gjenstander. Mange av dei gav han bort, både til utlodning i Pensjonisten på Frøyland og privat. Magne Sandkleiva har fått ein artikkel om seg i Time historielag si årbok frå 2024. Der ein kan lesa meir om han.

Det er ikkje andre registrerte, unytta stadnamn i nærleiken, men dette forslaget tek i vare ønsket om ei lokal forankring for vegnamnet.

Konklusjon

For den aktuelle parsellan foreslår kommunedirektøren å leggja dette namneforslaga ut på høyring:

Parsell 1: Magne Sandkleivas veg

Det foreslåtte namnet er ikkje i konflikt med eksisterande vegnamn i Time.

Kommunedirektøren i Time, den 04.08.2026

Trygve Apeland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur